



Stiftelsen D/S Stord I



STORD I



Org. nr. 889 955 732

Bergen, 9. januar 2017

Hordaland fylkeskommune

Kultur- og idrettsavdelinga

### D/S STORD I -RAPPORT OM STATUS FOR TILTAK KNYTT TIL TILSKOT FARTØYVERN 2016

Me viser til tildelingsbrev av 29.03.2016, dykkar ref. 2015/2016-78 og vil med dette gi tilbakemelding på stauts for tiltaket.

Det vart søkt om kr. 228 000 til istandsetjingstiltak , kr. 127 000 til tilsyn- og vedlikehald og kr. 510 000 til renter og avdrag på investeringslån. Total ordinær søknadssum var på kr. 865 000. Tildelinga var på kr. 630 000.

Av budsjettmessige årsaker har styret prioritert kompetanse- og tryggingstiltak, tilsyn og vedlikehald. Det vart m.a. større utgifter til kurs for mannskap i 2016 enn budsjettert. I alt vart det mønstringskostnader på kr. 174 000 i 2016. Istandsetjingstiltaka har blitt utsett til 2017.

Investeringslånet er blitt nedbetalt etter avdragsplanen med renter og avdrag, sum kr. 509 936,00. Lånesaldo pr. 031.12.2016 er kr. 2 087 053.

Sesongen 2016 vart gjennomført etter planane og tilbakemeldingane frå passasjerar på opne turar og på leigeturar har vore svært gode. Me vil spesielt nemna samarbeidet med Gamle Vossebanen og Veteranbusslaget om rundturen Holbergskaien – Garnes – Midttun – Holbergskaien, som vellukka.

Det må og nemnast at kvar tysdag, året i gjennom, er ein dugnadsgjeng i sving med vedlikehald og oppgradering. Det er synleg at «Stord I» vert teken godt vare på og vil vera «Ship shape» når tilsynsmynde og passasjerar kjem om bord!

Me takkar igjen for tildelinga i 2016!

Med venleg helsing

Harald Kvinge  
Styreleiar/dagleg leiar